

Skav-ljåen og høy-napparen

var nyttige og naudsynte reiskapar på den gamle garden

Lauv-kniven torer ha vore vel så viktig reiskap for bonden som ljåen i tidlegare tider. - Skav skulle gjeva tjukkare fløyte, men godt høy har 2-3 gonger så høgt næringsverd



Nils Idsø på Stokka med skav-ved og skav-kniv

I langt større mål enn no, så mykje meir at det snaut toler samanlikning, var det sumaren dei tufta på i mjølkeproduksjonen og kroterhaldet i det heile på den gamle garden. Vinterhalvåret fekk, som dr. philos. Svale Solheim strekar under i samband med sine grundige granskinger kring norsk sætertradisjon, berre meir ein passiv karakter. Vinterarbeidet tok i første rekkje sikte på å verja, og nytta best mogeleg, det som var skapt om sumaren: det galdt om å berga buskapen igjennom på likaste vis og halda livskraftene ved lag til neste produksjonsperiode.

På gardar flest, der dei hadde li- og fjell-beite i ryggen, fødte dei langt fleire kyr under den gamle driftsskipnaden på garden enn dei gjer i dag, jamvel om den dyrka jordvidda er så mykje større og kunstenga så romet. Det torer kanna høya så mangstad, det som Johannes Skard fortel frå Sætedal: «Heimehøy var det smaasamt med, det meste skrapa dei i hop i Heidetidi. ... Dei fødte sekstan Naut daa, der dei føder seks no. ... Men med Fødningen var det saa ymist. Vallhøyet gav dei upp paa Hest-en, ko barre det at Kyne fekk noko lite ei Attedags Tid med same dei kom til. Buskapen maatte lita med pure Heidehøy. Der var litt Livnæring i — Jolebil alt for det til leita paa i Fjaset.»

Den første fylkesagronomen i Hordaland, David Pedersen, som i 1850-60-åra arbeidde mykje med å få eit vende frå det gamle i den gode kroterbygda Etne, han hermer etter etnebuen ved dei tider kva eigenleg foremål og nytte ved ei god vinterforing skulle vera. Det ville berre fora til at ein fekk velfødde kyr som ikkje mjølka når dei kom til stols og på sumararbeite, den tida då dei skulle gjeva inntekta, — fordi dei hadde


mjølka frå seg om vinteren. Etnebuen var så visst ikkje åleine om å stø seg på slik driftsmåte og husdyrlære. Ein har då frå så mange bygdelag vitring om den otte bondene kjende for at kyrne skulle mjølka frå seg i vinterhalvåret, og difor ikkje gjeva mjolk i spannet til den smør- og oste-produksjonen dei baserte på sumararbeite.

Det store krotetalet dei sette på frå hausten av, var elles ikkje berre med tanke på mjølka og bu-dråten av den. Beitebygdene skulle også ha slaktekroter som sumaren skulle feita til ny haust. Det vart så å svelta dyra fram til groren grønka, — så mange kroter som berre råd var. Det var betre med tynn bås enn tom bås, så dei gamle. Og så tynn kunne båsen verta at kyrne «maatte slæbes ved Halen baklængs ud av Stalden, naar de første Gang skulde sættes paa Græs».

Det var ei stutt produksjonstid dei gamle baserte på, helst berre dei fem månadene i beitetida. I kalde sumrar kunne det verta enda stuttare tid. Elles gjekk ein viss part av beitetida, — kanskje ein tredjepart — med for kyrne hadde kome seg att etter den snau vinterforinga og kunne gjeva nokolunne skikkeleg i mjølkespannet.

Dei relativt små engviddene heime gav liten høyaaving, om ein liknar dei saman med kunstenga. Naturengteigane hadde vore natureng-teigar nærmast i ættlekk på ættlekk. Det var nok ikkje berre i Sætedal, slik Johannes Skard fortel, at heimehøyet utgjorde lite mot det dei tok av lid- og fjell-gras. Og så sette dei då på så mange kroter som dei kunne tru det var råd å halda eit halvslarve liv i fram til våren.

Stiinga var eit svært viktig arbeid under slike omstende. Vanleg var det då også kvinne-arbeid, og det galdt om at desse kvinnene kunne sjå vel etter. Det var øydslekoller, som dei sa i Telemark, om dei som flust gav når dei flust hadde. Alt frå første fordagane om hausten måtte ein mæla nøye ut, slik at ein kunne gjera seg ei viss von om å toya vinteren. Dei gamle hadde også



Høy-napparar, slik dei har dei i dei rike jordbrukssamlingane på Haugesund Museum

merke i loa, kor langt og ikkje lenger ein måtte vera komen inn i høysta'en til visse tider om vinteren. Dei måtte veta kva grenser som ikkje måtte vera overskridne til jul, til kyndelsmess og til vårfrumess.

Tusen års tradisjon veit å vitra om at høyet er drygare når ein tek dei ut frå den faste sta'e-sida, enn om ein losnar det og velter det laust ovanfrå og ned. Og ein nyttig og naudsynt reiskap for kvar den som skulle vondla, var den høy-nappa'en som torer vera kjend hjå oss frå utgamle tider, — ein reiskap som elles har halde seg i bruk fram til vår tid på gardar der det galdt sers om å toya foret. Denne høy-napparen, ein stav med eit slag krok ut i enden, har frå gammalt vore teken av emne som var naturleg vokse slik, eller han har seinare vorte ferda til med eit krok-vore jarn festa til tre-staven.

Men høyet var ikkje det einaste dei rekna med, når dei om hausten vurderte vonene for vinter-foringa. Frå så mange bygder veit ein om korleis det ein kallar hjelpefor vart teke med i vurderinga, det var ikkje berre eitkvart ein hadde å sto seg til når høyet traut på vårparten. Lauvinga var elles ei onn, årvis som høyonna, og lauv-kjervar hadde dei gamle alltid med i den for-planen dei lagde, så sant det berre var lauvande tie. Det heiter seg frå gamle tider her i landet at lauvkniven må ha vore ein vel så viktig reiskap for bonden som ljåen. Elles kunne det vera lyng, det kunne vera mose, i sjøbygdene stodde ein seg på tang og tare, — det kunne vera beit, — men ikkje minst spela skav ei stor rolle i den gamle vinterforinga av krotera, og då attar ikkje minst skav av ask og raun, jamvel om ein skulle veta om bygder som einast hadde eike-skav, og nytta mykje av det. Frå Høgsfjord t. d. har ein vitring om bønder som hadde fjordeparten av det samla vinterforet til kyrne som eike-skav. Og det var ikkje små mengder som måtte til av slikt, når ein veit at dette slaget skav er langt ringare enn t. d. ask og raun. Medan det av vanleg godt høy, tidleg slege, kan rekna gå omlag 2,3 kg pr. foreining, går det av askeskov 5,2 kg og av rauneskov 5,6 kg pr. foreining. Godt høy har såleis 2-2,5 gonger så høgt næringsverd som skav. Innhaldet av melteleg protein i skav er svært lite, berre nokre få gram pr. kilo.


Skav-skog var ein herlegdom til den gamle garden. Ein aske-stuv var verdfull som mange kvadrat-meter eng. Og ein kjenner då også til korleis ut-

marks-stykke i sameige frå gammalt vart skift når det gjeld bruksrett slik at det var ein sers rett til å ta skav i teigen, ved sida av sers rett til beite, sers rett til skog. Lauvtyre som kunne gjeva godt brukande skav, vart kyllte, — d.v.s. vart hogge av på stamma, slik at det voks ut att unge skot. Ein kan rekna med at ask toler snaukydning kvart sjuande år.

Då skavet mykje vart rekna med når ein om hausten gjorde seg opp meining om formengda gjennom vinteren, var det også mange gardar som tok til med skavinga alt på forejuls vinteren, slik at dei gav skav det meste av inneforings-tida. Det kunne gå inn i dagsens arbeidsrytme på garden at dei var til skogs etter ei bør med skav-ved. Vanleg var det så at dei skov inne i stova om kveldane, — eller meir i unntakstilfelle andre stader slik som på låven, var dei gjerandslause med utarbeid om dagane, for skuld uvær eller anna. Inne i stova batt ein så ein staur til sengestolpen og sat der og skov dei ei alen lange skav-vedstykker med ein halvsliten langljå, med handtaket feila. Og helst skulle skavveden ikkje vera for tjukk, som det også galdt om å skava tynt. Det var stor skil på skavarar. Ein veit om dei som høyrde sers etter kor dugande tenestegjenta var til å skava, for dei feste ny taus, — så det var ikkje alltid og alle stader at det einast var mannfolk-arbeid.

Dei gamle hadde tru på skav som kroter-for, og ein torer kunna sjå det slik at det ikkje einast var til utfylling

RSK ETNOLOGISK GRANSKING
10134



Ein kydle-stue var meir verd enn mange kvadratmeter eng på den gamle garden.

av høyet at dei gav det. Det heitte seg at godt skav gav betre mjolk enn om krotera berre fekk høy og halm. Fløyten vart tjukkare, hadde kyrne fått skav, meinte dei, og smeret kunne verta finare gulfarga.

Bg.